

FYLKESMANNEN I ROGALAND

v/ Stig Sandring

Vikedalselva har ein fisketellar i laksetrappene, denne har me filtrert og kan gå god for dei tala som her vert presentert. Det vert teke passfoto på 4 sekund av kvar einaste fisk. Auren går ikkje i trappene, men i fossen ved sida.

Tellaren

2013

Passfoto 884 - Aure 25 - Det vert 859 Laks.

2014

Passfoto 1051 - Aure 53 - Det vert då 998 Laks.

UniMiljø har dykka og kom til dette resultatet.

2013

Laks 670 , men berre 84 var under 3 kg - Aure 361

2014

Laks 423, oppdrett 14 som ikkje har gått trappene. Aure 986

Ein reknar med at ca 20% går utanom trappene, UniMiljø reknar ca 20% som dei ikkje fangar opp.

Då FYLKESMANNAN skal beskriva bestandstatus for laks i forhold til gytebestanden, er Vikedalselva avhengig av hjelp frå FYLKESMANNEN om den laksen som vert presentert på vedlagde tellar.

Det må vera feil frå UniMiljø når det plutselig vert ein store auke med Aure, det må vera små laks dei har registrert, det er det som er på passfotoa.

Då har Vikedalselva hatt 5 år med strenge tiltak både når det gjeld fisketider og fangst.

2010 - 2011 var elva stengd. 2012 vert det opna for prøvefiske, 1 fisk pr. fiskar/døgn, fiske Torsdag – Fredag – Laurdag – Søndag, dvs. 16 fiskedøgn. 2013 – 2014 fekk Vikedalselva utvida til 24 fiskedøgn, men med same innkorting på fisketider og fanga fisk. Så om ikkje det var nok, har Vikedalselva fått det 6 året 2015 med strenge reglar. Dette har me ikkje alltid vert einige med Fylkesmannen om, då me meiner det er meir fisk på elva dei siste åra. Vikedal Elveigarlag har teke til etterretning dei strenge reglane, som Vikedalselva er pålagde. I 2014 var det bra med fisk, men ikkje vatn. Det vert ikkje søkt om utvida fiske i August, noko som hadde vorte ein større fangst.

Vikedal Elveigarlag meiner me har stilt opp for å verna villaksen. Når det gjeld oppdrettslaks, har me kontroll i laksatrappene med oppsyn, då vert trappene stengde, og me har full kontroll.

Iverksettingsmøte om pliktig organisering og drift vert 24.03 2015.

Vikedal Elveigarlag har i ekstraordinært årsmøte 09.03 2015

Forslag til vedtak:

Elveigarlaget meiner det bør vera opning for meir fiske. Derfor skal det opnast for fiske, JUNI - JULI - AUGUST. JUNI vert det 1 stk. laks pr. fiskar/ døgn, CR. JULI - August vert det 2 stk. laks pr. fiskar/ døgn, CR. Aurebestanden skal vurderast ut frå telling og oppserving for 2016 - 2017 - 2018.

Vedlegg tellar resultat for 2013 - 2014, kart over laksetrapp/ tellar.

Vikedal Elveigarlag

Berge Kjell Opsal

mob. 476 46 846

bkopsal@gmail.com